

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Møtebok

Møtedato: 06.12.2021

Møtetid: 09.00 – 11.30

Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

Saksnr.: 17/21 – 20/21

Følgjande medlemer møtte	Parti
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Guri Olsen	H
Egil Natvik Vestrheim	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp	Ingen – fråfall på kort varsel	

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Britt Bruflot Gram
Frå sekretariatet møtte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møtte:	Rådmann Gunn Lerøy, deltok under handsaminga av sak 18 og 20, Einingsleiar Pleie og omsorg Toril Tørvi Grøthe deltok under handsaminga av del av sak 18
Frå revisjonen møtte:	Forvaltningsrevisor Sindre Dueland deltok under handsaminga av del av sak 20
Utdelt i møte:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
17/2021	Godkjenning av møtebok		O
18/2021	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
19/2021	Framlegg til møteplan for kontrollutvalet 2022		O
20/2021	Forvaltningsrevisjon av arbeidsmiljø i oppvekstsektoren		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 17/2021 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	06.12.2021	17/2021

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 27.9.2021 vert godkjent.

06.12.2021 KONTROLLUTVALET

KON-17/21 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 27.9.2021 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 18/2021 Skriv og meldingar – orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 6.12.2021	Saknr 18/2021
---	------------------------------	-------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	7.10.2021	Lærdal kommune/ kommunestyret	Saksframlegg og vedtak i sak 54/21 i kommunestyret: Tertialrapport 2-2021
2	Ikkje datert	Lærdal kommune	Tertialrapport 2 – 2021
3	Ikkje datert	Lærdal kommune	Investeringsoversikt 2021 – rapportering 2. tertial
4	7.10.2021	Lærdal kommune/ kommunestyret	Saksframlegg og vedtak i sak 55/21 i kommunestyret: Omstillingsprosjektet – Framlegg til strategiar og delprosjekt
5	Ikkje datert	Lærdal kommune	Sakstilfang til sak 55/21 i kommunestyret: Omstillingsprosjektet – framlegg til strategiar og delprosjekt
6	Ikkje datert	Lærdal kommune	Sakstilfang til sak 55/21 i kommunestyret: Statusrapport omstillingsprosjektet
7	Ikkje datert	Lærdal kommune	Sakstilfang til sak 20 i adm.utvalet – fråvær i Lærdal kommune
8	25.11.21	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 112/21 i formannskapet: Økonomi og handlingsplan 2022-2025. Årsbudsjett 2022 med handlingsdel, samt 1 side med økonomisk oversikt frå budsjettdokumentet
9	25.11.21		Saksframlegg til sak 114/21 i formannskapet – Openheit i Lærdal kommune – Status og tiltak til forbetring
10	1.7.21	Mobbeombodet i Vestland fylke	Utdrag frå årsmeldinga til Mobbeombodet i Vestland
11	12.11.21	SIMAS IKS	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport i SIMAS IKS
12	22.2.21	Kontrollutvalet	Vedtak i sak 5/21 i kontrollutvalet – Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport heimetenester
13		NKRF	Invitasjon til kontrollutvalgskonferansen 2022

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

6.12.2021 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møte

Orienteringar i møtet:

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt om å få ei nærare orientering frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Status i høve til avbøtande tiltak for mineraluttaket i Muggeteigen.

Denne orienteringa måtte utsetjast til neste møte grunna sjukefråvær i kommuneadministrasjonen.

2. Ei generell orientering om rekrutterings-situasjonen i Lærdal kommune på dei ulike tenestoområda.

Rådmann Gunn Lerøy gav ei kort orientering om rekrutteringssituasjonen i kommunen. Generelt er rekrutteringssituasjonen bra for kommunen for tida. Det er rekruttert 8 nye sjukepleiarar i perioden frå 1. august til d.d. Det er no full dekning av fastlegar. Rådmannen gav elles uttrykk for at det er ein utfordrande vikarsituasjon både i helse- og omsorg og i oppvekst.

3. Ei orientering om status for personalet i kommunen etter eitt og eit halvt år med Covid19. Er det risiko for slitasje på personellet?

Rådmannen gav uttrykk for at det har vore ein utfordrande situasjon. Spesielt i sommar var det svært krevjande innanfor helse. Det er stor slitasje – men samstundes så har det gått bra. Dei tilsette har vore fleksible og ein har lagt andre ting til sides for å dekke dei oppgåvene som pandemien har krevd utført. Ein har og fått god hjelp frå frivillege og pensjonistar som har stilt op. Sjukefråværet, samt fråværet som gjeld at foreldre har vore heime med sjukt barn vore høgt i haust.

Vidare orienterte rådmannen om:

- a) Rekneskapsrapporten for 2. tertial, samt prognose for årsslutt. Vidare status i høve til budsjett for 2022

Rådmannen orienterte kort om status på økonomien til kommunen. Per 6. desember ser det bra ut. På grunn av dei høge straumprisane har kommunen fått høgare og høgare inntekter frå månad til månad. Per oktober låg ein an til å få 7 mill. kr meir enn det som var føresett i tertialrapporten. Slik det ser ut no vil ein difor få eit bra overskot i 2021. Dette skuldast både at ein ligg an til å få vesentleg høgare inntekter, samt at ein har hatt god kontroll på utgiftssida.

- b) Einingsleiar Pleie og omsorg Toril Tørvi Grøthe gav ei orientering knytt til oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten om heimetenestene. Ein har omorganisert slik at ein ikkje lenger har 2 soneleiarar, men 1 leiar og 1 nestleiar. Frå 1. desember er det kome inn ein fagkoordinatorstilling.

Ein har hatt eit samarbeid med arbeidstidssenteret i NAV for å jobbe med auka nærvær og betring av arbeidsmiljø. Det vert jobba aktivt med verneombod og tillitsvalte for å få alle representert. Alle må bli inkludert og sett. Det har vore gruppesamtalar med dei tilsette våren 21. I forvaltningsrevisjonsrapporten kom det fram at enkelte tilsette følte seg overvaka. Einingsleiaren opplever ikkje at det er nokon som tek opp spørsmål om overvaking no – men dette har vore eit tema tilbake i tid. Ein har brukt mykje tid på å prøve å betre dialogen med alle dei tilsette.

Det er elles slik at alle oppdrag i heimesjukepleien er lagt inn med tidsestimat. Sjukepleiarane og dei andre som er på vakt har høve til å sjå kvar den enkelte tilsette er – dersom ein må ta kontakt. Dette er ein naudsynt del av drifta.

Det har vore jamlege medråderettsmøte der tillitsvalt og verneombod er med.

Rekruttering til heimetenesta er eit stort problem. Ein har prøvd å rekruttere sjukepleiarar i haust – utan å lukkast. Kommunen har no ute ei ny annonse der ein prøver å rekruttere.

KON-17/21 VEDTAK:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande.

Til neste møte ønskjer kontrollutvalet orientering om følgjande saker:

1. Status i høve til avbøtande tiltak for mineraluttaket i Muggeteigen.
2. Status kring renovasjonsgebyr for såkalla «herrelaust avfall»
3. Orientering om korleis samarbeidet med dei tillitsvalte er organisert i oppvekstsektoren.

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 19/2021 Framlegg til møteplan for kontrollutvalet 2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	6.12.2021	19/2021

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2022.

6.12.2021 KONTROLLUTVALET

KON- 19/21 VEDTAK:

Møteplanen vert vedteken for 2022.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 20/2021 Forvaltningsrevisjon av arbeidsmiljø i oppvekstsektoren

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	6.12.2021	20/2021

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen, samt til rådmannen si fråsegn til rapporten.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert vurdert og følgt opp i det vidare arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø i oppvekstsektoren.

Kontrollutvalet vil be om ein statusrapport hausten 2022.

6.12.2021 KONTROLLUTVALET

Forvaltningsrevisor Sindre Dueland presenterte hovudfunna i rapporten via videokonferanse. Rådmann Gunn Lerøy gav sine kommentarar til rapporten.

KON- 20/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen, samt til rådmannen si fråsegn til rapporten.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert vurdert og følgt opp i det vidare arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø i oppvekstsektoren.

Kontrollutvalet vil be om ein statusrapport hausten 2022.

Samrøystes

Møtet slutt